



Uskedalen oppvekstsenter har meldt seg på ein nasjonal miljødugnad for alle grunnskular i Norge, som vert kalla "gjenVINN.no – 2008" fortel lærar Odd Steinar Arnesen til uskedalen.no

- Ved skulen vår vil innsamlinga foregå torsdag 5.juni mellom kl. 17.00-20.00. Vi kjem til å stå ved parkeringsplassen ved skulen (mot Sanden). Det vil vera mulig å levere inn elektrisk utstyr for både elevar, foreldre, det lokale næringslivet vårt og eventuelt andre i nærmiljøet.

Vi håpar at de er mange som kan vera med å gjera ein innsats for miljøet vårt. Velkomne skal de vera, seier Arnesen.

Han legg til at dei treng paller til å pakke på, så om det er nokon som har paller til overs så set dei pris på å få dei.